

Røysterett for alle har avvikla ein travel nasjonaldag, men har slett ikkje teke sommarferie. No satsar det dyktige og populære koret mot eit nytt og spennande mål - Italiaturen midt i neste månad. Men det blir ein litt annleis tur enn den førre til Latvia, Denne får eit meir sosialt preg og blir også meir prega av turistopplevingar. Men sjølvsagt skal koret også syngja.



3 frå Stord og 1 frå Rosendal som blir med til Italia: Jarle Fossheim, Jarle Nakken, Kjersti Follesø og Siv Kristin Vad Haraldsen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det drar til Italia med ei repertoarliste på meir enn 20 songar som startar med dei velkjende brumarsjane og endar med nasjonalsongen vår. Koret har ikkje gått til innøving av den italienske nasjonalsongen eller andre songar på italiensk, men dei har i alle fall eit innslag på latin på lista!

Det blir rundt rekna 20 med på turen og i flokken finn ein songarar ikkje berre frå Kvinnherad, men også 5 frå Stord, Rosendal og Alta. Den mest langvegfarande er Helge Ludviksen som er rektor og kordirigent i Finnmark-byen og som vart 'verva' av dirigent Maria Malmsten då ho var innom. Han har delteke i seminar i Skånøvik og fleire øvingar og styrker gruppa av tenorar. Også Jarle Fossheim frå Rosendal er tenor medan 3 frå Stord er bass (Jarle Nakken), alt (Siv Kristin Vad Haraldsen) og sopran (Kjersti Follesø).

Koret drar sørover 16. juni og kjem att 20. juni og hovudmålet er området rundt Italias største insjø Gardasjøen. Dagen etter at dei kjem dit skal dei ha konsert i kyrkja Santa Maria della neve i Simione saman med det italienske koret In Canto Minore og det blir fellesmiddag med spaghetti på menyen etterpå!

Sundag blir det også eit høgdepunkt, for då skal koret syngja i den fantastiske kyrkja Madonna delle Corona. Verona er neste mål denne dagen, men koret kan neppe rekne med å få syngja i

den verdsberømte arenaen.

Derimot slepp dei til under kveldsmessa i ei kyrkje.

Dei 3 dagane i Italia er også spekka av det ein kan kalla turistingar og vil totalt sett vera ei inspirerende oppleving for eit kor som fortener det.

Maria Malmsten var på den same staden med Rosendalkoret for 2 år sidan.

Av Ola Matti Mathisen